
Vår referanse 2021/24463-5
Dato 13.09.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjonssøknad - fasadeendring - gnr 323 bnr 364 - Frekhaug - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til bygging og søknad om dispensasjon, datert 18.08.2021. Søknaden gjeld fasadeendring og påbygg med dispensasjon.

Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. Plan- og bygningslova. §19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

Planstatus

Eigedomen er regulert som S9 - sentrumsføremål i Områderegulering for Frekhaug senter med planID 125620100004. Tillate grad av utnyttning i gjeldande plan er 400% BRA.

Uttale

Tiltaket med påbygg av 2 etasjar med nye bustadar på eigedomen er i tråd med gjeldande reguleringsplan. Og det er i tillegg søkt om følgande dispensasjonar;

1. Næringsføremål for parkering med bodar
2. Kotehøgd føresegn for etablering av heis/trappehus på takterrasse
3. føresegn 4.3.3. om plassering av minst 1 soverom i bueiningar mot den stille sida

Vi stiller oss positive til bustadbygging i sentrumsområdet, og vi legg til grunn at det er god kollektiv dekning i området. Og med tanke på parkering for dei nye bustadane vil vi vise til miljøløftet med mål om nullvekst i persontransport med personbil, og at ein difor bør sjå på moglegheita for å ha minimalt med parkeringsplassar for ny utbygging her.

Vi vil og vise til § 2.5 i føresegna til regulerings plan om parkering. Punkt 1 der seier at ved ny utbygging innanfor felt S7, S9 og S10 skal det utarbeidast ein parkeringsanalyse som dokumenterer at parkeringsdekning er ivarettatt for dei tre sentrumsområda. Dette er ikkje lagt ved søknad.

Vestland fylkeskommune, ved INV, har ingen merknadar til dispensasjon frå 2. og 3. punkt om dispensasjon. For punkt 1 ber vi om at Alver kommune ser på behovet for parkering ved ny utbygging i denne delen av reguleringsplanen. Vi ber om å få saka oversendt når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Kari Elster Moen
leiar

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift